

– Ingen grublar og tungsindig person



Medan det er etterlyst nyare forskning om Arne Garborg, har jærbuen Tor Lie fullført sin doktorgrad om Garborg ved Lunds Universitet i Sverige.

Av Steinar Sandvik , Jærbladet (Publisert 18.04.2007)

Tor Lie har arbeidd med Garborg-stoffet i ei rekkje år. I nokre periodar har arbeidet vore svært aktivt, andre periodar har han vore inne i ein modningsprosess og hatt behov for å leggje arbeidet litt til sides.

– For meg har det vore nødvendig å bruke god tid for å bli skikkeleg kjend med personen eg skal portrettere og analysere, seier Tor Lie. – Å ta tida til hjelp har eg kjent som meiningsfullt. Den biografiske sjangeren som eg har valt på avhandlinga mi, er vanskeleg og bør vere vanskeleg. Difor er det nødvendig å bruke god tid.

Tor Lie har kalla si avhandling «Symptombærer og symptomløser. Arne Garborgs vei til et varig livssyn (1851-1894). En psykologisk studie».

Lie fortel at det er ei stor og omfattande garborgforskning over meir enn 110 år som ligg til grunn for arbeid hans. Samanlikna med andre norske litteratar oppfattar han at forskinga kring Garborg er både rik og stor. Samstundes har Lie vore oppteken av å leggje til grunn ei tverrfagleg framstilling der ambisjonen har vore å gjere ei psykologisk studie.

Arveleg

– Symptomberar er eit hevdvunne uttrykk. Men ordet symptomløysar er eit konstruert uttrykk frå mi side. Ofte snakkar vi om problemløysar, men eg har bevisst valt å knytte uttrykket til symptom. Og eg har forhalde meg til det kjende depresjonssymptomet i slekta, og som Garborg sjølv kunne ha eit snev av, seier Tor Lie og understrekar at han i motsetnad til andre forskarar ikkje har valt å operere med ein diagnose.

– Sjølv om det er ein sterkt mistanke om at faren Eivind Garborg var sjuk, så har det vore meir mi oppgåve å sjå på mennesket Eivind Garborg som står fram som eit levande individ i samhandling men sonen.

Tor Lie seier at Eivind Garborg nok var sjuk. Men han trekkjer likevel fram eit moment der han stiller spørsmål om diagnosen hans kunne ha vore pressa fram for at Eivind skulle få ei «kristeleg gravferd». Det vart iallfall søkt amtmannen om unnatak frå reglane for gravferd. På den tida (1870) var det ikkje lovleg å «kaste Jord paa» grava til ein sjølvmdardar og heller ikkje halde såkalla «Ligprædigen».

Sterk realist

Det var og andre i nær familie til Arne Garborg som kunne ha liknadane problem som faren Eivind. Gjennom brevvekslinga med farbror Ola som opplevde noko av det same som Eivind, kan det vere naturleg for Arne å tenkje at dette kunne liggje til familien.

– Det vil vere rimeleg å tru at Arne Garborg hadde ei viss uro at han skulle kome i same

situasjon som faren. Men vi veit ikkje så mykje om kor djup Garborg sin depresjon har vore, seier Lie som har søkt etter pasientjournalar både for faren Eivind og sonen Arne utan å finne noko.

Derimot skriv Garborg i eit brev til Torkell Mauland der han forklarar litt om sin tilstand.

Garborg skriv at hans depresjonar var langt verre tidlegare.

– Garborg står for ei gradering, og det er i mangt og mykje mitt utgangspunkt. Vi ser at han er ein sterk realist i forhold til både depresjon og sjølvmondsfenomenet. Og det er svært spennande å sjå korleis han varierer innfallsvinkelen til å forstå både depresjonen og sjølvmondsfenomenet.

Ingen grublar

Tor Lie understrekar at det vil vere heilt feil å kalle Arne Garborg ein grublar og ein tungsindig person.

– Han kunne ha lært mange korleis dei kan takle store og små problem. Kvar og ein av oss, også kliniske psykologar og psykiatrar, kan ha noko å lære av måten Garborg handterer desse problema. For meg vert det rett å seie at Garborg snarare står fram som nevrosefri enn som nevrotikar nettopp fordi han varierer sine innfallsvinklar. Hadde han hatt ei nevrotisk binding, ville han han vore fiksert på ei forklaringsgate, seier Tor Lie og slår med dette fast at Garborg på denne måten er sin eigen symptomløyser.

Meininga med livet

Tor Lie hevdar at Arne Garborg midt på 1890-talet kjem fram til eit livssyn som forblir hans posisjon. Kanskje vil det vere dekning for kalle dette Garborg sitt varige livssyn. Då viser Lie særleg til Garborg si brevveksling med forfattarkollega Jonas Lie. Garborg yndar å kalle dette eit mellomstandpunkt som er ein tilnærma agnostisk posisjon.

Men før Garborg kom til dette livssynet var han gjennom det Tor Lie kallar dei klassiske livssynsposisjonane, både kristen tru og teologi og sin posisjon som fritenkjar.

Kristninga av Arne Garborg

Lesarbrev i Jærbladet av Rolf Erik Solheim, forfattar, sivilingeniør og kulturskribent. Han bur i Arvika i Sverige. rolf@framtiden-er-din.com

Endeleg er det fastslått at Arne Garborg korkje var ein tvilar eller ein truande i kristeleg mening. I alle fall ikkje i dei siste 30 åra av livet.

Tor Lie viser dette i si avhandling ved Lunds Universitet: «Symptombærer og symptomløser. Arne Garborgs vei til et varig livssyn (1851-1894). En psykologisk studie». Med denne avhandlinga disputerte Lie til doktorgraden i religionspsykologi 16. februar 2007, og han presiserer i eit intervju at det vil vera heilt feil å kalla Arne Garborg ein grublar og ein tungsindig person.

Lie markerer i tittelen at Garborg nådde fram til sitt ”varige livssyn” i 1894, altså rett før *Haugtussa*. – Til å vera ein skjønnlitterær forfattar er Garborg uvanleg sterkt profilert og avklart i sitt forhold til livssyn, seier Lie i et intervju. Han meiner at mange mistydingar i vår tid om den ”kristelege” Garborg stammar frå ei avhandling av Finn Torn frå 1972: ”Arne Gs brytninger mellom tvil og tro”. Denne avhandlinga presiserer ikkje at dette var ein kort periode i livet hans. For eksempel, når ei avis for ei tid sidan skreiv om hans ”kompliserte

forhold til kristendommen”, så viser det korleis myten om grublaren Arne Garborg har fått slå rot.

Men Lies avhandling kastar også lys på kyrkjelege forsøk på å prostituere Garborg sitt livssyn. Då Bryne-kyrkja (og andre) i fjor haust var ute med ”Kantate om Garborg i tvil og tru”, var det ikkje musikken og framføringa av dei 70 songarane og muskarane det var noko gale med. Det var valet av tekstane og det å framføra desse i kyrkja som vart feil. Det hadde vore greitt om ein slik kantate og tekstane vart framførde i Storstova på Jæren. Men ikkje i kyrkja. Då vart det prostitusjon.

I Garborgåret valde dei Garborg-tekstar som vart opplesne i jærkyrkjene for å visa at han nok vart ein ”kristen” til sist. Høgdepunktet var ”Messe for ein tvilar” i Domkyrkja i Stavanger. Heilt til nokon kom på å sjå etter i boka *Jesus Messias* kva han eigentleg konkluderte med i det religiøse. Og då vart det brått slutt på opplesingane. Dagbladet gjorde eit nummer av at Garborgkvelden i Ogna-kyrkja vart avlyst, og Helge Torvund skreiv om det litterære overgrepet.

Men etter 1894 var Garborg altså korkje tvilar eller grublar. Og hadde heller ikkje noko ”komplisert forhold til kristendommen”. Det er for kyrkja det vert komplisert når dei skal pynta på han og ikkje vil akseptera kva han faktisk meinte om kyrkja: Nemleg at forkvaklinga av Jesu lære i dei pavelege kyrkjemøta, i Luther sine trusartiklar og i Lars Oftedal sitt kredo: ”Jo større synd, desto mer nåde”, kvalifiserte som rein heidningskap. Dette meinte han ikkje som ateist, men som søkjar etter fysisk og metafysisk sanning.

I dei siste 20 åra streva han med å få omverda til å begripa den sanning han fann, m.a. gjennom boka *Jesus Messias* og ei mengd artiklar. Men få ville høyra på han. Til 70-årsfeiringa på Saron i Bryne i 1921 kom han ikkje. I programmet står det blant anna at ”me må takke Gud som gav oss Arne Garborg”. Han skreiv etterpå og takka og sa: ”. . . det er kje for meg det vart halde fest; det var for ein Aadne Garborg som folk sjølv heve laga seg til rettes”.

I dagboka skreiv han: ”Mange trur eg er på kristeleg (d.v.s. kyrkjeleg, antikristeleg) Veg att; ein og annan hev sagt det beint ut. No gjeld det då for meg å få rette på dette att, og då vil Feststemningi slokne, og ny Mothug vakne; - av denne Grunnen hadde det nok vore best at denne Dagen var gjengen likso rolegt som Årsmåldagarne mine plar gå..”

Det livssynet Garborg konkluderer med i *Jesus Messias* i 1905 meiner Lie eksisterte allereie 10 år tidlegare. Men det var få i samtida som brydde seg om denne konklusjonen eller forstod seg på den. Heller ikkje i dag synest det å vera mange som bryr seg. Trass i at Garborg i artiklar og seinare i dagbøkene gong på gong viser til det universelle og krystallklare livssynet som er i slekt med Leo Tolstoy og Mahatma Gandhi. I Garborgåret var det ei einaste tilstelling (av dei ca 500) med verdiar og livssyn som tema, trass i at Garborg sjølv såg dette som det viktigaste i livet sitt.

Men nå har altså Tor Lie gjort det. Anders Andersen ved UiS sa på avspark-konferansen for det nye Garborgsenteret på Bryne 30. januar at *Jesus Messias* nå må omvurderast som ei av Garborg sine viktigaste og beste bøker. Lie og Andersen sine synspunkt peikar på ein ny epoke i forståing og tolking av Garborg.

Seinare utvikla Garborg sitt livs- og verdissyn til ein samfunnsmodell basert på Henry George. Han vart nemleg etter 1906 ein tidleg økofilosof, før dette begrepet fanst. Som sjølvværd sosialøkonom (med 8 år som statsrevisor), kom han med ein bodskap om at samfunnsøkonomi måtte baserast på naturressursar.

Kor viktig er det då ikkje i dag å forstå dette livssynet og denne samfunnsmodellen i lys av dei enorme globale utfordringar vi står framfor? Er det ikkje nettopp dette som kan gjera ungdommen entusiastisk for Garborg og som må lyftast fram i eit Nasjonalt Garborgsenter. Enten det ligg på Bryne eller Knudaheio. Og den "nye" verdsborgaren Aadne Garborg, kan visa seg å vera større enn forfattaren.

Men så kjem det noko underleg midt i alt dette: Arnfinn Vigrestad (nå ordførar i Time kommune) laga i 1975 si hovudoppgåve ved Universitetet i Bergen på boka *Jesus Messias*. Han har altså heile tida vore godt kjend med Garborgs livs- og verdissyn. Med si sentrale rolle i Time kommune, i Garborgåret 2001, og som leiar av styret til Nasjonalt Garborgsenter, har han unnlata å seia ifrå til dei som vil kristna Garborg og misbrukar garborg-tekstar i kyrkja, eller dei som held andakt i Knudaheio.

Er det ikkje det forunderleg?